

Årsmelding 2024 for Herand Vasslag SA

På sist ordinære årsmøte 24. mai 2024 vart val av styre utsett til det kunne haldast eit ekstraordinært møte, og det dåverande styret fungerte dermed inntil vidare:

- Olav Håvik (leiar)
- Reidun Haugen Dalseth (sekretær)
- Gunnar Bergstø
- Jan Tore Huus (nestleiar)
- Kjell Rune Selsvik
- Varamedlemmer: Sigmund Eiken og Gjert Bakke

Dette styret hadde så to møte der dei handsama 3 ulike saker.

Deretter vart det arrangert ekstraordinært årsmøte 11. oktober. På dette møtet vart fylgjande styre etablert:

- Olav Håvik (leiar)
- Jan Tore Huus (konstituert som nestleiar i styremøte)
- Gunnar Dalseth (konstituert som sekretær i styremøte)
- Gunnar Bergstø
- Kjell Rune Selsvik
- Varamedlemmer: Sigmund Eiken og Gjert Bakke

Dette styret har hatt fire møte og behandla 14 saker.

Viktige styresaker og annan aktivitet:

Drøftingar om å søkje å bli overteke av Ullensvang kommune: Det har vore innhaldsrike samtalar med kommunen, som har brukt konsulentfirmaet Asplan Viak til å utføre ein forstudie. I forstudien har dei samla opplysningar om vassverket og laga ei fylldig oversikt, og konkluderer med eit forslag om at kommunen overtek vassverket med alle abonnentane, og alle aktiva og passiva.

Vedlikehald: Ymse reparasjonar, testing, tetting av lekkasjer, utskifting av deler og stell i samband med vinteren er utført. Dette blir gjort av medlemmene i styret mot godtgjersle på kr 250 / time.

Prøvetaking: Med jamne mellomrom (6 ganger pr år av produksjonsvatn pluss ein gong for råvatnet) blir det teke prøver av vatnet som blir sendt til laboratorium for analyser. Ingen av prøvene har hatt innhald av bakterier.

Generell overvaking av systemet: Status og kvalitet på produsert vatn blir kontinuerleg overvaka, og alarm sendt automatisk til styreleiar / nestleiar når naudsynt. Dette skjer mellom anna når høg vassføring fører til auke i innhaldet av humus i vatnet med

misfarging. Bestråling med UV for å drepe mikroorganismer blir dermed mindre effektiv, tilførsel av vatn blir avstengt, og bassenget brukt til å levere vatn i staden.

Regresskrav frå forsikringsselskap: I samband med ein vasskade i eit hus vart det sett fram regresskrav mot vasslaget frå vedkomande forsikringsselskap. Styret dokumenterte at kravet var grunnlaust.

Generelt leverer vassverket vatn av rimeleg god kvalitet. Det manglar mekanisk reinsing som kan stoppe dei minste humuspartiklane, og det fører til at vatnet er misfarga når det er mykje vatn i terrenget. Dette er ikkje helsefarleg, men er like fullt ein mangel som gjer at innførselen må stengjast av omsyn til UV-reinsinga. Det er heller ikkje nok kapasitet til å gje sløkkjevatn i dei nedre og tettare befolka deler av bygda i tilfelle brann. Viktige vassledningar og andre komponentar er av eldre dato og har ikkje store nok dimensjonar til å stette moderne krav. Totalt sett er det krevjande å drive og vedlikehalde anlegget og gjer at styret ynskjer ei kommunal overtaking.

Herand, 29. april 2025

Olav Håvik

Jan Tore Huus

Gunnar Bergstø

Kjell Rune Selsvik

Gunnar Dalseth